

KLD
postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Arkivsakid-doknr:	23/395-6	Saksh:	Gunnar Elnan	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato:
Journalpostid:	23/9897	Telefon	47612205	FST-612		01.10.2023
		:				

Innspel til St.meld om villrein

Eidfjord fjellstyre vil med dette koma med innspel til St.meld om villrein. Fjellstyret viser og til uttale gitt i brev datert 15.05.23.

Statssekretæren har peikt på årsaker og moglege tiltak;

Tap av leveområder grunnet utbygging av veier, hytter, kraftutbygging og ferdsel er en av de viktigste truslene for villreinen.

Vi såg i kvalitetsnorma at det må til store tiltak, ikkje minst knytt til areal. Blant annet må vi ha strengere regulering av hytteutbygging, og vi må trolig også inn å regulere ferdsel i noen områder,

Fjellstyret har i sin uttale peikt på friluftsaktivitetar og behov for ferdselregulering. Sentralt i denne samanheng er moglege virkemidlar som kan brukast. I dag synest allemannsretten å stå så sterkt at den trumfer naturens behov for fred og ro. Fjellstyret meiner friluftsliv må utøvast på naturen og villreinens premisser og at det må etablerast klare heimlar til slik regulering. Heimelen her må og omfatta høve til å regulera turisme som med sin aktivitet kan vera eit trugsmål for villreinens eksistens.

Statssekretæren peiker og på tap av leveområde som ein alvorleg trussel mot villreinens eksistens. For Hardangervidda sin del er det dokumentert positiv effekt av Haukelitunnelen og Finsetunnelen i forhold til villreinens moglegheit til å trekke mellom ulike beite- og funksjonsområde.

Område mellom Hardangerjøkulen og Rv7 over Hardangervidda er i dag sporadisk i bruk av rein frå Nordfjellastamma. Området høyrer til Hardangervidda og har tradisjonelt vore eit viktig beiteområde for Hardangerviddareinen. Planane om Rv7 i tunnel, ca 6,5km lang, under Dyranut vil opna for viktige trekk nord – sør kan takast i bruk igjen. Villreinarealet nord for Rv7 representerer ca 1/8-del av heile Hardangervidda og vil vera eit tiltak som kan sikra reinen tilgang på leveområde frå Setesdalen til Nordfjella.

Fjellstyret er innstilt på å regulera ferdseLEN langs dagens Rv7 for å leggja til rette for trekk- og beiteområde vert teken i bruk att. Når tunnelen under Dyrnutane er ferdig må eksisterande Rv 7 fjernast mellom Tråastølen og Skulevika, dette for at villreinen kan ferdast fritt til beiteområda nord for Rv 7.

Ferdsel i området må regulerast, grunneigarar, bruksberettiga og bruk av eksisterande hytter i området må gjevast ein bruksrett for tilkomst.


Med venleg helsing
Eidfjord fjellstyre

Gunnar Elnan
Rådgjevar/sekretær

Kopi til:
Eidfjord kommune
Nordre Bjoreidalen
grunneigarlag
Norges fjellstyresamband
Rauland fjellstyre
Ullensvang fjellstyre
Ulvik fjellstyre
Øvre Numedal fjellstyre

Kopi til arkiv

Vedlegg:
Dok.nr Tittel
230757 Innspel til stortingsmelding om villrein



KLD
postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Arkivsakid-doknr:	23/395-2	Saksh:	Gunnar Elnan	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato:
Journalpostid:	23/4717	Telefon	47612205	FST-612	:	15.05.2023

Innspel til stortingsmelding om villrein

Det vert vist til innspelsmøte helde 3. mai med invitasjon til å koma med skriftlege innspel innan 15. mai.

Fjellstyret merka seg mange gode innspel i teamsmøtet 3. mai og ser behov for å supplera med kunnskap og innspel frå fjellnoreg som fjellstyra representerer i Sør-Noreg.

Statsalmenningane representerer store areal av fjellområda i Sør-Noreg. Mykje av desse areaala inngår i verneområde og er del av villreinområdene. For Noreg samla ligg 24% av villreinens leveområde i statsallmenning, for Hardangervidda er talet 29,4%. Fjellstyra må vera ein viktig part i arbeidet med stortingsmeldinga.

Bruken og rettar til statsalmenningane er regulert gjennom fjellova. I statsalmenning har alle innbyggjarar i bygdene som soknar til, særskild bruksrett innan landbruk og rett til å hausta, særleg med garnfiske og jakt, og fjellstyret si oppgåve er å forvalta innbyggjarane sine rettar og også å forvalte viltbestand og fisk på ein bærekraftig måte. Matauk i form av fisk og kjøt har lang historie og er framleis en viktig kulturtradisjon.

Reinsjakt er ein av rettane som frå gamalt av har hørt til bygdene. Jakt og forvaltning av villreinen er to sider av same sak, og som bygdene tek omsyn til i bruken av fjellet. Ferdsselsregistreringane den seinare tid viser at lokalbefolkningen sin andel av ferdelsen utgjer berre 3 %. Det er grunn til å tru at lokal ferdsel er relativt stabil, og det må bety at annan ferdsel har auka sterkt.

Nyare bruksformer av fjellet meiner fjellstyret ikkje har den same «rett» til bruk av villreinfjellet sjølv om dette er såkalla «friluftslivsaktivitet» som er ei forstyrrande aktivitet for reinens arealbruk. Utviklinga i teknikk og utstyr har utvida grensene for allmannsretten langt utover det tradisjonelle då lova vart vedteken.

Konkret for Eidfjord sin del har fjellstyret kome med innspel til kommunen om å regulera kiting og skisegling i samband med rullering arealdelen av kommuneplan.

Grupper med ganske mange hundespann møtest «tilfeldig» i disse Facebook-tider midt inne på Vidda og kører til alle kantar på turar og nesten på tvers over Vidda.

Det synest naudsynt å ha gode virkande verkemedel som kan styra friluftsliv slik at det ikkje er med å øydeleggja grunnlaget friluftslivet vert utøvd på.

Økonomien til fjellstyrene er samtidig avhengig av bruk i form av jakt, fiske og beite i almenningene. Det er for fjellstyrer vanskeleg å redusera på tilbodet av desse aktivitetane utan at det vil gå utover økonomien til fjellstyrer og dermed grunnlaget for forvaltning av statsalmenningane. Dei fleste fjellstyrer har eigne eller tek del i oppsynsordningar som bidreg til kontroll, informasjon og profesjonell forvaltning. Dette krev at fjellstyrer har inntekt for å oppfylla desse funksjonane.

Fjellstyret er samd i behovet for at alle partar bidreg til at villreinen skal ha tilgang til og ha ro til å bruka dei areala den er avhengig av for å overleva som art. Dette inneber at aktivitet og arealbruk på statsalmenningane må reduserast. Hyttebyar tett opp til villreinen sitt leverområde og framlegg om gondol med kapasitet på meir enn 100.000 personar til dørstokken av villreinområdet er eksempel inngrep som gir auka ferdsel og forstyrring i villreinområda. Ein ser stadig aukande «villcamping» eller telting midt inne i beste trekkrutene for villreinen, særleg i samband med stongfiske om sumaren, men faktisk og på vinteren med ski, pulk og telt.

DNT er ein sentral part i tilrettelegging av friluftsliv i villreinfjellet. Fjellstyret registererer at sikringsbuene til turisthyttene blir brukt i ordinær overnatting, og dermed bidrar til auka kapasitet ved turisthyttene. Intensjonen og primære føremålet med sikringshyttene må leggjast til grunn i drifta.

Det registrerast og at opningstidene for turisthyttene auker. Dette bidreg til auka fersel i tider av året det frå gammal ikkje var bruk av fjellet. Styring av opningstider og ferdsel knytt til turisthyttene synest å vera naudsynt å vurdera nærmare. Stor ferdsel etter løpenettet gir avisande effekt for reinens vandringer. Hardangervidda villreinområde er blitt delt opp av løpenettet som hindrer reinen i den naturlege årsbruken av vidda. Fjellstyret meiner det må gis verkemidlar for styring og stenging av delar av løpenett og areal for å sikra villreinens naturlege vandringer og arealbruk.

Med venleg helsing
Eidzfjord fjellstyre

Gunnar Elnan
Rådgjevar/sekretær

Kopi til:
Norges Fjellstyresamband
Rauland fjellstyre
Ullensvang fjellstyre
Ulvik fjellstyre
Øvre Numedal fjellstyre

Kopi til arkiv

